




Det kongelige kunnskapsdepartement

Postboks 8119 Dep
0032 Oslo



Vår dato: 15.01.2010

Vår ref.: 2009/454

Dykkar dato: 06.11.2009

Dykkar ref.: 200905396-/BAB

Sakshandsamar :AØ

Høyring - Forskrift om rammeplan for grunnskulelærerutdanning - ny lærerutdanning

Saka gjeld endring frå allmennlærerutdanning til to nye grunnskulelærerutdanningar. Jmf. St.meld. nr.11 (2008-2009), *Læreren – rollen og utdanningen*, og Innst. S.nr 185, vedtatt i Stortinget 02.04.09.

Om det interne arbeidet ved HVO

Utkast til forskrift om nasjonale rammer for dei nye grunnskulelærerutdanningane vart sendt til alle tilsette og organisasjonane ved HVO 13.11.09. Notatet har vore drøfta på avdelingsnivå, instituttnivå og i dei ulike fagseksjonane.

Til høyringa

Det nye er at vi har fått ein rammeplan i forskrifts form, medan planar for enkeltfag, fagområde og praksis ikkje er ein del av rammeplanen, men kjem som nasjonale retningslinjer. Forskrifta skal omtale forventna læringsutbytte med utgangspunkt i det nasjonale kvalifikasjonsrammeverket og stortingsmeldinga sine kompetanseområde for lærarkandidatar.

- HVO støttar kravet om at ny grunnskulelærerutdanning skal vere differensiert og ha to utdanningsprogram: 1-7 og 5-10.
- HVO støttar kravet om at alle undervisningsfag skal ha integrert fagdidaktikk og vere profesjonsretta lærerutdanningsfag.
- HVO ser positivt på ambisjonane om å styrke kvaliteten i praksisopplæringa, der praksis skal vere ein integrert del av undervisningsfaga og Pedagogikk og elevkunnskap. Praksis også i 4. år kombinert med ei fleksibel fordeling av minimum 60 dagar over dei to første åra og minimum 40 dagar dei to siste åra, vil styrke arbeidet ut mot praksisskulane.
- Omtalar av forventna læringsutbytte i forskriftsform vil kunne bidra til ein meir heilskapleg prosess i utvikling av planverk og samarbeidsrelasjonar.

Det er kome særskilte innspel frå Avdeling for kulturfag (AKF) og Institutt for realfag. Innspela er lagt ved.

AKF fokuserer på:

- Verdien av praktiske og estetiske fag i lærerutdanningane er ikkje godt nok innreflektert. Ein ser det ikkje som akseptabelt at desse faga i så liten grad pregar rammeplanen for grunnskulelærerutdanningane.
- Det er uheldig at høyringsframlegget § 1 ikkje eksplisitt nemner *danning* og danningaspektet heller ikkje er problematisert eller nyansert i merknadsdelen til forskrifta.
- Det er vanskeleg å sjå at leiing av kreative læringsmiljø og tilrettelegging for estetisk utfolding m.m. går inn i ein logisk samanheng i høyringsdokumentet (sjå s. 4), eller at premissane for desse momenta er klargjort i forskrifta.
- AKF gjer framlegg til endring av siste punkt om ferdigheiter : "... kan legge til rette for utvikling av kompetanse i drama og entreprenørskap og for at lokalt arbeids-, samfunns- og kulturliv involverast i opplæringa.

Institutt for realfag:

- Planen inneheld ingen formuleringar at elevar i norsk skule skal utvikle kunnskap om vårt felles ansvar for å ta vare på kloden vår.
- Forslag til endring av punkt under § 2 Læringsutbytte for kandidatar i begge utdanningsløp, under ferdigheiter: "Kandidaten ... kan legge til rette for utvikling av kompetanse om berekraftig utvikling og globale miljøutfordringar.

Forskrifita og retningsliner frå KD føreset at dei studentane som vi i framtida rekrutterer til grunnskulelærerutdanning, fordeler om lag 60-40 prosent seg på dei to utdanningsprogramma. HVO rekrutterer drei fleste av sine studentar frå regionen, og mange av dei søker arbeid som lærarar i regionen etter fullført utdanning. HVO må tilpasse seg det regionale behovet for utdanning av lærarar med relevante skulefag, og vi må sjå heilskapleg på det totale tilbodet vårt og dei faga som no ikkje får plass innanfor dei nye modellane. HVO ønskjer også ein vidare diskusjon om tilhøvet mellom 1-7 og førskulelærerutdanninga.

Med helsing

Jørgen Amdam
Rektor

Anne Øie
Prorektor

Vedlegg



HVO v/ rektor

Vår dato: 21.12.09

Vår ref.:

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Høring om forskrift om rammeplan for grunnskolelærerutd.

Vi viser til høring om forskrift om rammeplan for ny grunnskolelærerutdanning og invitasjon fra ledelsen ved HVO til å komme med innspill.

Institutt for realfag har en merknad til rammeplanen og mener den mangler en grunnleggende viktig komponent som naturlig hører hjemme under § 2 Læringsutbytte for kandidater i begge utdanningsløp, kategori ferdigheter.

Planen inneholder ingen formuleringer om behovet for at elever i norsk skole utvikler kunnskaper om vårt felles ansvar for å ta vare på kloden vår. Begrep som miljø eller bærekraft er fraværende (med unntak av læringsmiljø, som henspiller på noe helt annet). Vi foreslår følgende formulering lagt til under ferdigheter:

kandidaten ... kan legge til rette for utvikling av kompetanse om bærekraftig utvikling og globale miljøutfordringer

Miljøfag må inn på forpliktende nivå for alle grunnskolelærerstudenter av flere årsaker:

1. Vi er midt inne i FNs tiår for utdanning for bærekraftig utvikling 2005-2014 (www.unesco.no/utdanning/baerekraftig-utvikling). Det ville være direkte pinlig for Norge som miljønasjon om norsk lærerutdanning overlater til enkeltfag etter eget forgodtbefinnende å ta ansvar for vår felles framtid. Ved implementering av den nye grunnskolelærerutdanningen gjenstår det fire år av dette tiåret med fokus på bærekraftig utvikling, og det er lite som tyder på at behovet for fokus på miljø vil avta i tiden som følger.
2. Opplæringsloven §1-1. Formålet med opplæringa: «Elevane og lærlingane skal lære å tenkje kritisk og handle etisk og miljøbevisst» (<http://www.lovdato.no/all/hl-19980717-061.html>). En lærerutdanning må nødvendigvis forberede kommende lærere på sitt ansvar i forhold til skolens primærformål.
3. Udir's dokument «Bærekraftig utvikling» (http://udir.no/upload/Satsningsomraader/baerekraftig_utvikl_rapp.pdf), se spesielt punktene 1.2.4, 3.2 og 3.4. Sitat: «Utfordringen er å sørge for kontinuerlig videreutvikling av kompetansen i skolesystemet, slik at skolen blir en aktiv bidragsyter i arbeidet for bærekraftig utvikling» og videre «Samarbeidsparter med interesse for opplæring for bærekraftig utvikling er også en målgruppe. Dette fordi opplæring for bærekraftig utvikling ofte fører til at skolen samarbeider med aktører utenfor skolen»

Dersom KD mener antall ferdigheter ikke kan økes foreslår vi å erstatte formuleringen som omfatter entreprenørskap, og viser til punkt 3. der Udir påpeker at bærekraft nettopp er et område som innbyr til

samarbeid med eksterne parter. I valget mellom entreprenørskap og miljø mener vi at det siste er langt viktigere (det er vanskelig å se at noen enkeltferdigheter eller -kompetanser skal kunne defineres som viktigere enn å ta vare på vår felles klode).

Gitt ovennevnte styringsdokumenter mener vi det er vektige grunner for å inkorporere et punkt om miljø/miljøfag og bærekraft uavhengig av enkeltfag.

Med hilsen

Institutt for realfag
v/Frode Opsvik

Forskrift om rammeplan for grunnskolelærerutdanning.

Moment til høyringsvar frå AKF

§1 i forskrift om rammeplan for grunnskulelærerutdanning tar føre seg *formålet med forskriften og målet med grunnskolelærerutdanningene*. Vi er overraska over at omgrepet *danning* ikkje er med i teksten i §1. Det er påfallande korleis ein argumenterer for at dette ikkje er med, i merknadsdelen på s.3 i høyringsnotatet. Der vert det hevda at *danning gjenspeiles* i følgjande formulering:

Utdanningene skal sette læreryrket inn i en historisk og samfunnsmessig sammenheng og bidra til kritisk refleksjon og profesjonsforståelse.

Vi ser det slik at det i beste fall er ei side ved dannelsomgrepet som fell inn i denne formuleringa. At høyringsframlegget i § 1 ikkje eksplisitt nemner danning, og at ein i merknadsdelen verken problematiserer eller nyanserer eit så grunnleggjande omgrep som *danning*, er svært uheldig.

Det vert vidare hevda at: *Danningsperspektivet reflekteres også i flere av læringsutbytteformuleringene*. Vi merkjer oss her ordbruken, som vi finn lite presis. I praksis er dette likevel ei treffande formulering; for reflektering av perspektiv er oftast uklart og lite eigna til avklaring av bilete. Sjølve dannelsomgrepet er i §2 berre nytta i samanheng med *danning i ulike sosiale, flerkulturelle og flerspråklige kontekster*. Rammeplanen for ny grunnskulelærerutdanning tek såleis i liten grad omsyn til grunnleggjande målsettingar i den generelle delen av læreplanen for norsk skule, som det har vore tverrpolitisk semje om. Lærerutdanninga sitt ansvar for å leggje til rette for arbeidet med *Det skapande og meningssøkjande mennesket* vert, etter vårt syn, ikkje tatt på alvor i forskrifta.

På s. 4 nemner ein leiing av kreative læringsmiljø og tilrettelegging for estetisk utfolding, oppleving og erkjenning i samband med kandidaten sine ferdigheiter. Det er vanskeleg å sjå at dette går inn i ein logisk samanheng i høyringsdokumentet og at premissa for desse momenta er klargjort i forskrifta. Når skapande evner elles er nemnde s. 5 under *Ferdighet*, syner ein til nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk. At det her er lagt inn heile to *eller* i formuleringa, er ikkje eigna til å gje tyngd til framstillinga av kreative og estetiske dimensjonar:

Evne til å kunne bruke tilegnete kunnskaper og/eller utøvende eller skapende evner.

Rammeplanutvalet seier dei har valt ikkje å spesifisere varierte arbeidsmåtar (jf. s 6). Likevel nemner dei *kompetanse i entrepenørskap* spesielt. Verdien av praktiske og estetiske fag vert altså heller ikkje her handsama, og er såleis i svært liten grad kommunisert i rammeplana. Sidan drama ikkje er eige fag i grunnskulen, men representerer grunnleggjande viktig metodekunnskap, meiner vi at dette bør nemnast spesielt. Vi gjer framlegg om denne formuleringa under siste punkt om ferdigheiter (endringsframlegg) s. 4: - **kan legge til rette**

for utvikling av kompetanse i drama og entrepenørskap og for at lokalt arbeids-, samfunns- og kulturliv involveres i opplæringa.

Kunnskapsministeren og finansministeren la 20.08.09 fram ein plan for meir fysisk aktivitet i skolen. Det blei presisert at fysisk aktivitet, god helse og læring heng saman. Dagleg fysisk aktivitet i skulen er viktig, og alle lærarar bør, etter vår meining, ha grunnleggjande kunnskapar om dette. Tiltaksplanen for meir fysisk aktivitet i skulen har eit eige punkt om fysisk aktivitet som metode for læring i fleire fag. Vi gjer framlegg om følgjande tilleggspunkt under ferdigheiter(s.4): - **kan legge til rette for daglig fysisk aktivitet for elevene.**

For HVO, som har satsa breitt på kulturfag, og som har lang tradisjon for å sjå verdien av dei praktiske og estetiske faga i lærarutdanninga, er det ikkje akseptabelt at den dimensjonen desse faga representerer ikkje pregar rammeplana for grunnskulelærarutdanninga.

18.12.09

Aud Folkestad

Dekan ved Avdeling for kulturfag